

Sjøtroll har 13 tilsette i Kvinnherad

04.05.2011



Sjøtroll vil utvida utanfor Skorpo

**Sjøtroll Havbruk, som no ønskjer å utvida anlegget utanfor Skorpo, har 13 fast tilsette som bur i og skattar til Kvinnherad.**

**Sjøtroll betaler eigedomsskatt på utstyret som ligg på sjøen og kjøper varer og tenester i kommunen for store summar.**

**I fjar sponsa Sjøtroll lokale tiltak i Kvinnherad med mellom 30 000 og 40 000 kroner.**

Det er biomassesjef Nils Arve Eidsheim som opplyser dette på vegne av Sjøtroll Havbruk som svar på merknadar frå Oscar Langballe og Øystein Toskedal om den planlagte utvidinga.

I ein oversikt over tiltaka sidan 2007 for å redusera PD-virus strekar Eidsheim under at dei har kosta store summar. Han nemnar fellesavlusinga med H202 som vert gjort for å sikra utvandringa til smolten frå elvane.  
Dette tiltaket kostar 1 million pr. ring.

Om fellesavlusinga i fjar seier Mattilsynet at det er fornøgd med at hovudmengda av villakssmolten fekk gå uhindra ut. Grunnen var truleg ein kombinasjon av avlusinga og ein kald vinter, meiner Mattilsynet.

Ulempene med det visuelle å ha anlegg i nærleiken, verdiforringing og synsing er styrt av kjenslar og Eidsheim vel derfor ikkje å kommentera dette.

Av Ola Matti Mathisen